

Oddbjørn Kroka i Uskedalen satsar på byggjing av småkraftverk i Mauranger - i dette tilfelle "Kroka Kraftverk 2".

Han er ein av dei 30 som tidlegare i år har søkt om midlar frå prosjektet "Småkraftverk i Hordaland". Prosjektet har 500.000 til rådvelde som tilskot for å undersøkje om dei ymse småkraftprosjekt er liv laga.

Styret i prosjektet har løyvd inntil 16.000 til "Kroka Kraftverk 2". Tilskotet skal nyttast til å kjøpa konsulentenester til oppgåver det ikkje er kompetanse til å løysa internt i prosjektet. Tilskotet står ved lag til 1. mai neste år.